

KYRKJEBLAD

53. årg.

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 3/99

Les i kyrkjebladet

**Nytt frå kyrkjeverja
kan de lesa**

side 3.

**Under tittelen «Men skjer
det noe sånt nå?» skriv
Gunvor Bjørsvik om Gud
idag også kan opplevast
nær.**

Les side 4 og 5.

**21. mars var det høve for
søndagsskuleborn og for-
eldre til å få med seg både
søndagsskuletime og akti-
vitet i snøen på Lid i
Bergsdalen. Les om dette
og sjå bilete frå farne tider
på**


side 7.

**Pinseforteljing for dei
unge kan du lesa**

side 8.

**Vaksdal og Starnes sokn
har hatt årsmøte og me
tek med glimt frå årsmel-
dingane.**

Les side 9



Å reisa på leir til Fagertun er ei stor oppleving for mange barn og unge.

Også denne palme- og påskehelga var fleire samla til leir. Der fekk dei med seg bibeltime, snøaktivitetar og mange andre opplevingar. Veret var også stort sett bra, med det aller beste veret på den siste leiren.

Det heile starta fredag før palmesøndag med 4.-7. klasse og heldt fram frå onsdag 31. mars til andre påskedag for 8. klasse og oppover.

På biletet ser me Knut Erlend Rosvold under Snjofestivalen, med Kjetil Kringlebotten som «ryggsekk» like før dei mister balansen.

Les og sjå meir på side 6.

Foto: Ann Elin Mjelde Gullbrå

STOFF TIL NESTE NR. må vera kome redaktøren i hende innan 2. juni 1999. Bladet kjem ut i veke 26 som byrjar med 28. juni.

Ragnvald

Samtale med presten
Prestane står til disposisjon for samtale.
Avtal helst på førehand.
Prestane har teieplikt.

Kyrkjekontoret for Vaksdal
Pb 113, Fabrikkvegen 3
5721 Dalekvam
Tlf. 56 59 61 20
Fax 56 59 89 46

Kontortid: Tysdag og torsdag kl. 09.00-13.30, onsdag kl. 10.30-13.30

Sokneprest Frode Kvamsøe
Tlf. kontor 56 59 61 20
Tlf. privat 56 59 73 15

Kapellan Bård-Egil Dyrhol
Tlf. kontor og privat 56 59 70 88
Mobiltlf. 94 55 12 87

Kyrkjeverje Svein Tøsse,
Heradshuset 4. etasje
Tlf. kontor 56 59 44 54
Mobiltlf. 94 55 12 86

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal
Bladpengar: kr. 100,-
Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. mm.
Postgiro: 0808 57 23 4 73
Bankgiro: 3500.50.13 117
Bladstyrar:

Ragnvald Kringlebotten,
5724 Stanghelle. Tlf. 56 59 51 81.
Kasserar:

Elisabeth Dyrhol,
Vaksdalgarden 10, 5725 Vaksdal.
Tlf. 56 59 70 88

Eksp. og trykk:
Øystese Trykkeri A/S, Boks 34
5604 Øystese. Tlf. 56 55 50 45.
Retur til: Kyrkjekontoret for
Vaksdal, Pb. 113, 5721 Dalekvam.

Pinse gjer det lettare å vera kristen.

Dei skulle laga eit radioprogram om pinsa. "Kva trur du det har å seia at Den Heilage Ande er komen?", spurde dei ein gut. Etter å ha tenkt seg om, svara han: "Det gjer det lettare å vera kristen, tenkjer eg."

Det enkle svaret gav heile pinsebodskapen i eit nøtteskal. Å "gjera det lettare å vera ein kristen" er ei av dei mest sentrale sidene ved den gjerning som Den Heilage Ande skal gjera. Det går klårt fram av det Jesus sa då han gav læresveinane løftet om Den Heilage Ande. Jesus kallar han "Talsmannen", og seier at han skulle vera hjå dei for alltid. "...han skal læra dykk alt og minna dykk om alt det eg har sagt dykk" (Johannes 14,26).

Dette er ei opplæring som ikkje er gjort i ei vending. Det er ikkje slik at det å "leva som kristen" er noko ein lærer ein gong for alle. Kristen tru er ei livslang læring, livslang vekst og livslang nåde. I ein slik prosess er det viktig med den perfekte læremeister.

Pinse gjer det lettare å vera kristen.

(NPE)



KYRKJESTADEN

DALE 100 ÅR

Jubileumsskrift

Boka er innbunde, med mykje biletstoff både i svart/kvit og i fargar og er til sals for:

kr. 150,-

hjá Petersen & Ypsøy
og på Kyrkjekontoret.

Boka kan tingast frå
Kyrkjekontoret, Boks 113,
5280 Dalekvam .
Tlf. 56 59 61 20

**KIRKENS
SOS
DØGNOPE
815 33 300**



DEN NORSKE KYRKJA
Vaksdal kyrkjelege fellesråd

Kunngjering Vaksdal kyrkjegard

Det vil sommaren 1999 verte sletta ein del graver på Vaksdal kyrkjegard for å gje plass til ny gravlegging. I fyrste omgang gjeld dette graver som er eldre enn 70 år i felt A. Gravmonument, innrammingar, og gravminner som er øydelagde eller utan namn vert fjerna dersom dei pårørande ikkje har henta det innan 1.11.99. På feltet er det graver av nyare dato. Gravminna for desse kan verte sett til sides mellombels ved jamning av feltet.

Etter §3 i Vedtektar for kyrkjegardane i Vaksdal kommune kan graver festast for inntil 10 år om gongen mot betaling av avgift. Når det er gått 70 år etter gravlegging kan festet ikkje fornyast utan særskild samtykke frå kyrkjeleg fellesråd.

Nærare opplysningar får ein ved å ta kontakt med kyrkjevevja i Vaksdal, tlf. 56 59 44 54 frå kl 09.00 til kl 14.00

Sletting av graver på Vaksdal kyrkjegard


Trass i at kyrkjegarden har vore utvida, er arealet til ny gravlegging for lite i høve til folketallet. Lova seier at det til ei kvar tid skal vera ledige graver for minst 3% av inn-byggjarane i kommunen. Sett under eitt har dei 8 kyrkjegardane i kommunen nok plass, om ein ikkje tek omsyn til at bygdefolket helst vil verte gravlagte på kyrkjegarden i deira eige sokn. Løysinga er difor at ein nyttar omatt delar av kyrkjegarden som tidlegare har vore nytta til gravlegging. For Vaksdal kyrkjegard sin del, vil ein i sommar rydde plass for ny gravlegging i felt A, fyrste feltet på venstre side innanfor klokketårnet.

Dei som har graver det ikkje er betalt festeavgift for, vil så langt det er råd verte kontakta.

Den siste tida har det vorte meir vanleg å nytta ei gamal grav etter ein slektning, til dømes besteforeldre, til ny gravlegging. Dette vil i framtida vere den beste måten å ta vare på ein gamal gravstad, som kanskje har vore i slekta i mange år. Andre føremøner er at ein får samla gravminna og stellet av gravene. Når to graver er festa som ein gravstad med felles gravminne, vert grav-staden til vanleg urørt til festetida for den nyaste grava har gått ut.

Ein gjer merksam på at det i Vaksdal kommune ikkje er høve til å feste graver meir ein i 70 år etter gravlegging. Etter dette kan ikkje festet fornyast utan særskild samtykke frå kyrkjeleg fellesråd, det vil seie at ein må søkje om dette.

Kart over Vaksdal kyrkjegard som viser feltet der det skal slettast graver:



”-Men skjer det noe sånt nå?”

Det var møte i Bibelgruppa vår, og de fleste var møtt frem. Det var Apostlenes gjerninger som var emnet. Vi leste et stykke om gangen, og samtalte om stoffet. Alle som leser Bibelen vet hvor mektig og storslagent alt er beskrevet. Fra Jesus, som etter oppstandelsen fremstilte sig i 40 dager for apostlene, ”og talte med dem om det som hører Guds rike til, og til Åndsutgydelsen, beretning om Saul og Peter, engler og personer som fikk sine oppdrag. Kornelius sendte bud etter Peter. Ananias som blev sendt til Saul, og Fillip som blev sendt både hit og dit.” Vi samtale om stoffet, og så kom spørsmålet. ”-Men skjer det noe sånt nå?”--.

Som en pil gikk tanken til en hendelse som lå skjult i en minnekrans på dypet av de fine minnekransene jeg har etter nådetjenes-ten i arbeidet for Vingårdsmannen. Svaret presset sig frem. ”-Jo, det skjer nå óg. Og hadde ikke spørsmålet blitt stilt så direkte og konkret, vet jeg ikke om svaret hadde kommet frem. (Dersom ikke andre har fortalt det.) --”Det hendte hos oss i Sinhwa, China i 1949. En kristen kone som bodde langt ut på landet, hadde en visjon da hun bad i sitt bønnerom i annen etasje på gården, at hun skulle ta en bærestol og dra til Sinhwa. Der skulle hun møte en mann som het Bei - Mu-Shih”. Det var min manns navn på Chinesisk. Bei, var vårt familienavn, Mu-Shih var pastor.

Det blev ordnet med bærestol. De drog iveri, fant frem. Fant kirken og misjonsstasjonen, blev møtt av sykehusets bibelkvinne. ”-Om der bodde en mann med det



De to kvinnene som er sammen med meg på bildet var to sykesøstre som var ved sykehuset når myndigheten overtok. I 1950.

Foto: Dordi Eggen.

navn? Jo, det stemte. Kona blev overbegeistret. Alt stemte. Bibelkvinnen sendte straks bud etter min mann.

Dette hendte mens alle misjonærene ennu var på plass i China. I Sinhwa var vi 5, Dr. Margit Mortenes, diakonisse og laboratorieresøster Ada Kopstad og sykepleierske og jordmor Julie Kolstad, pluss oss to. Det var enn spennende og kritisk tid. Jesus hadde sagt: ”Arbeid før natten kommer. -Natten kommer da ingen kan arbeide.” Det var den tiden som var begynt nå. Mørket var begynt å sige inn. Alle visste det, og vi misjonærer holdt oss reiseklare. Vi kunne ikke arbeide, og måtte dra. Chineserne måtte leve gjennom natten. Men Gud ville være hos dem og med dem. ”*Se han slumrer ikke og sover ikke, Israels vokter.*” Salme 121. Jesus går til sine gjennom lukkede dører.

Vi satt i stuen da budet kom fra bibelkvinnen som fortalte om hendelsen, og bad min mann

komme ut med en gang. Det gjorde et veldig inntrykk. Det kan ikke beskrives. Min mann reiste sig, og gikk ut, uten et ord. Dette var Gud. Jeg satt igjen. Overveldet. Det var Gud som viste et synlig bevis på sin eksistens midt i alt. Han hadde alltid vært med. Hans ord ville alltid stå fast. Og vi trengte vel alle til denne opplevelsen i denne harde tid.

Jeg vet ikke hva som skjedde da min mann kom ut og møtte konen i bærestolen. Kan tenke mig der var blitt en stor forsamling. Sensasjon. På stasjonen bodde mange familier, Chinesisk prestefamilie, evangelister, bibelkvinner, sykehusfolk, tjenere m.m. Bibelkvinnen inviterte konen noen dager hos sig, og vi hilste alle på henne. Hun deltok på møtene, og alle hørte de hennes stemme på Gudstjenesten søndag. Vi snakket svært lite om ”hendelsen”. Vi opplevet den. Og våre troende venner skulde gjennom natten – og vi dra ut.

-Hvordan det gikk med kvin-

nen da hun kom triumferende hjem i bærestolen, vet jeg heller ikke, og stolbærerene--? Måtte hun mon ennå ha et eget bønnerom i annen etasje? Hun hadde i alle tilfelle fått bevise, at hun trodde på en levende Gud. Bibelen var "Sannhetens Bok, og Evangeliet var budskapet om Jesu soningsdød for verdens synd, og alle som trodde på en levende Gud, fikk sine synder tilgitt, og fikk evig liv. Og vi andre som hadde opplevet denne hendelsen – Hva skulle vi gjøre." Som den ene spedalske; Lukas 17,15-16. Misjonsbefalingen, Matt. 28,18-20 holdt i all tid. Han hadde all makt. Var med alle dager og alle år.

"Kort tid etter blev all møtevirksomhet stengt, og misjonærene reiste. Men etter ca. 30 år kunne de troende samles igjen. (Det varierte fra sted til sted.) At jeg fikk komme tilbake til Sinhwa, China i 1989, etter 38 år, var også et Guds under. Som han sa det en av prestene: "Selv i våre villeste fantasier, kunne vi ikke drømme om et slikt gjensyn." Men hvad står det ikke i Jeremias 12,17. "Se, Jeg er Herren alt kjøds Gud, skulde noen ting være for vanskelig for mig." Eller Jesu ord til Phillip. Joh. 14,9. "Så lang en tid har jeg vært hos eder, og du kjenner mig ikke Phillip."

"Men skjer det noe sånt idag," var et godt spørsmål. Svaret ligger i Mark. 16,20. "Men de gikk ut og forkynte ordet allesteds, og Herren virket med og stadfestet ordet ved de tegn som fulgte med." Det er hemmeligheten.

To Bibelord til slutt: "Han er en soning for våre synder, dog ikke bare for våre, men og for hele verdens." 1. Joh. 2,2 og "Se, jeg står for døren og banker; om nogen hører min røst og åpner døren, da vil jeg gå inn til ham og holde nattverd med ham og han med mig."

God pinse. "Men I skal få kraft." Ap.gj. 1,8.

Gunvor Bjørsvik



Sinhwa menighet 1950. Kvinnen med vifte midt på bildet er sykehus-bibelkvinnen.

PÅSKE PÅ FAGERTUN

Tradisjonen tru vart det også i år skipa til to leirar på Fagertun i plame- og påskehelga.

-Den første leiren var for 4.-7. klasse, den var frå 26.-29. mars. 26 deltakarar og 10 leiarar var med.

- Ove Alvheim hadde bibeltimar. Elles var det leirkveld, aktivitetar i snøen om mykje anna. Palmesøndag var me med på familiegudstenesta i Nesheim kyrkje, og det var ei fin oppleving, seier Ann Elin Mjelde Gullbrå.

Onsdag 31. mars samla så dei som er frå 8. klasse og oppover seg til leir. Dei var samla til 2. påskedag.

-Sverre Vågen, forkynnar i Samemisjonen talte. Elles var det bibeltimar, leirkveld og aktivitetar i snøen, der Snjofestivalen påskeafta var høgdepunktet. På Snjofestivalen var det konkurranse i hopp, rushing, kulekjøring og skulpturbygging. Kvar gruppe skulle laga eit slagord som viste deira identitet.

Langfredag var deltakarar og leiarar på gudsteneste i kyrkja på Flatekval.

Knapt 30 deltakarar og leiarar var med på siste leiren, avsluttar Ann Elin.

Alle foto: Ann Elin Mjelde Gullbrå



Sverre Vågen i full gang med bibeltime.



Fire flotte Stamnesjenter som var med på fyrste leiren i palmehelga.



John Alvheim, stolt vinnar av Fagertun Snjofestival.



Under Snjofestivalen var det full innsats i alle øvingane.



Kjøkkenskrivarane Øyvind Mjeldt tv. og Helge Gullbrå klar til innsats.



Her er ein fin gjeng samla.

Søndagsskuledag i det fri

Søndag 21. mars vart det skipa til søndagsskule med etterfylgjande skidag på Lid i Bergsdalen. Folk frå Bergsdalen, Dale, Vaksdal og Stanghelle var med.


-Me spurde Per Småbrekke kven det var som tok initiativ til denne dagen.

-Ideen til kom frå Stanghelle søndagsskule. Grunnen veit eg ikkje heilt, men det var nok eit ynskje om å kombinera det åndelege med det aktive. Å kunne koma seg ut i snøen var nok også ein av grunnane, seier Per Småbrekke.

-Det heile tok til med søndagskuletime i kyrkjekjellaren der Åshild Rene hadde teksten, biletet til høgre. Teksten var om påskehendinga, der ho la vekt på Jesu kjærleik til oss ved at han gav sitt liv for oss. Ho la og vekt på at Jesus ikkje berre døydde, men at han også sto oppatt, fortel Småbrekke.

Etter matpausen var det så tid for å prøva ski og andre ting ute i snøen.

Foto: Per Småbrekke



Som glimt frå farne tider tek me med to bilete frå eit søndagsskule-møte for leiarar i prestebustaden på Dale frå anten 1979 eller 1980.

Fv. Magne Steinnes, Gudrun Vågen, Asbjørn Ekse og Ragnar Trohjell.

Foto: Josef Steinsbø

Fv. Per Arne Boge, Marit Boge, Oddveig Straume, ukjent, Ingrid Verpelstad, Ragnvald Kringlebotten.

Foto: Josef Steinsbø

Pinseforteljing for dei unge

Av Kristin Astrid Berland Øystese

Lukas vakna tidleg søndags morgon at at sola keik inn gjennom glaset på soverommet hans. Det var pinsemorgon. Han kunne kjenne lukta av speilegg og bacon frå kjøkkenet, frukosten var nok snart ferdig. Det tok ikkje lang tid før Lukas var ferdig påkledd og sat på plassen sin ved frukostbordet.

"God morgon", sa mora hans. "Veit du kva dag det er i dag?" "Søndag!" svara Lukas. "Ja, det har du rett i, men det er også pinsedag" seier mor, mens ho heller mjølk i Lukas sitt glas og litt i kaffien sin. "Kva er pinse då?" Lukas verkar ein smule nyfiken. Han tar ein stor jafs av skiva si og ser på mora mens ho går bort til bokhylla i enden av det raudmåla rommet. "Jau, det skal eg fortelje deg", seier ho og blar opp i den brune skinnbibelen sin som er nokså slitt i kantane etter mange års flittig bruk. "I pinsa feirar vi at Den Heilage Ande kom til læresveinane. Forteljinga står i Apostelgjerningane 2,1-12, som er skriven av din namnebror Lukas, han som skreiv Lukas-evangeliet." Mora dreg pusten før ho byrjar å fortelje:

"Det var omlag ei veke etter Kristi himmelfartsdag, at læresveinane var samla i eit hus i Jerusalem. Då høyrde dei brått eit brus, og eldtunger kom ned frå himmelen og sette seg på hovudet deira. Det var då dei fekk Den Heilage Ande." Lukas følgjer nøye med, han har høyrte om Den Heilage Ande på søndagsskulen. Mora heldt fram: "Læresveinane gjekk ut og byrja å tala til folket som hadde samla seg utanfor, og

sjølv om det var folk frå mange forskjellige land med mange forskjellige språk, kunne alle forstå kva dei sa. Læresveinane vitna om Jesus og Guds under slik at alle kunne forstå dei."

Mora til Lukas slutta å fortelje og lukka bibelen sin.

"Eg skulle ynskje eg óg kunne snakke så mange språk på ein

gong", sa Lukas. Mora smilte "Du treng ikkje kunne snakke mange språk for å vitne om Jesus, det kan du gjere same kva språk du snakkar. Du kan fortelje om Jesus til venene dine, og dei skjønner kva du seier." Det var no Lukas einig i, og kanskje han skulle gjere akkurat det når han møtte dei litt seinare i dag.



Glimt frå årsmeldingar

Stamnes

Stamnes sokneråd stod mellom anna for arrangementet med friville medarbeidarar under bispevisitasen i 1998.

Eidsland kapell fekk ny altarduk i fjor.

Med tema "Kyrkja – ein verestad for vanlege menneske?", inviterte soknerådet alle husstandar til samtale. Tidlegare res. kap. Der Einar Sønnesyn innleia til samtalen. Omlag 20 personar møtte fram og hadde ei fin stund saman, der einn mellom anna kom inn på korleis ein skulle få folk til å kjenna seg meir heime i kyrkja. Det er tanken å halda fram med slike arrangement.

Soknerådet tok initiativ til krone- rulling for å få resten av pengane ein trengde for ny oppvaskemaskin til bedehuset. 15.000 kroner som det førre soknerådet løyvde, var for lite. Soknerådet kjøpte også inn kjøle- og fryseskåp, trillebord og 2 kaffitraktarar til bedehuset. Desse tinga eig soknerådet, men har gjort avtale med hustyret om disponering.

Soknerådet syns også det er ei stor ulempe at det ikkje er med nokon frå Eidsland i soknerådet, og ein skulle ynskja at fleire der inne kunne engasjera seg meir i det kyrkjelege arbeidet, sluttar årsmeldinga

Vaksdal

Vaksdal deltok med skulegudsteneste under bispevisitasen i fjor.

Konfirmantfest og 50-års jubileumsfest for konfirmantar frå 1948 vart arrangert.

Julefesten i januar i fjor samla folk frå heile kommunen.

Felles gudstenester påske-, pinse- og juledag samla ein god del folk enn som elles møter opp. Dette var eit samarbeid med Dale kyrkjelyd. Desse samlingane lyfter salmesongen og på den måten kan ein inspirera både prest, kantor og ikkje minst kvarandre.

Mesteparten av energiforbruket i kyrkja har gått med til oppvarming. For å redusera dette forbruket er det installert vifter i taket. Taket i konfirmantrommet vart samstundes isolert.

Kyrja har fått nytt toalett med inngang frå våpenhuset.

Etter mange års sparing er det kjøpt inn puter til halvparten av benkene.

Den gamle messehakelen som vart gjeven av prost Brekke og kona, var slitt og sund. Den er nå sett fint i stand av Bodil Boge.

Ved val av sokneråd var mest alle nye, dei byrjar nå å verta meir samkjørde, heiter det til slutt i årsmeldinga.



Gud og NRK

-Gud er ikkje avhengig av NRK. Men fordi Gud er viktig for mange menneske, er Gud viktig for ei ålmenningkasting som NRK, sa Oddbjørg Aasen Bjørdal, på eit seminar arrangert av KKL/NLA.

(KPK)

Kongen på bispevigsel: Hugs ungdommen!

-Ei særleg utfordring vil det vera å formidla evangeliet til dei unge. Dei treng å merka at kyrkja bryr seg om dei og deira behov og spørsmål vert teke på alvor. På den måten kan kyrkja formidla varige åndelege verdiar og etiske impulsar i ei vansleg brytningstid, og rekruttera unge menneske til å verta morgondagens leiarar, sa H.M. kong Harald si helsing til den nye biskopen Olav Skjevesland.

(KPK)

Normløyse gjev tomleik

-Det er lygn at menneske får fridom der ansvar, plikter og grenser er revne bort. Normløyse er rota til tomleik, frustrasjon og aggresjon, sa rektor Jon Kvalbein til Aftenposten.

(KPK)

Altarduken reinsa



Arkivfoto

Altarduken i Dale kyrkje er nå komen på plass etter at den vart reinsa, men det let seg diverre ikkje gjera å strekkja den ut til opprinneleg lengde.

- For at den skal vera verna mot talg frå lya og anna skit er det kjøpt inn eit pleksiglas som skal liggja oppå den, fortel leiar i Dale sokneråd Oddveig Straume.

Leir i Sætervika like ved Tysse.

23.06-26.06, 8-10 år

28.06-02.07,

Ferieleir 8-12 år

02.07-05.07, 10-12 år

02.08-06.08,

Aktivitetsleir 10-14 år

06.08-09.08, Generasjonsleir

09.08-13.08, Ferieleir 10-14 år

13.08-15.08, 7-10 år

For informasjon og påmelding:

Norsk Luthersk

Misjonssamband

Ø. Muralm. 18, 5012 Bergen.

Tlf. 55 32 12 52

NMS-LEIRAR

Kvamssæter på Kvamskogen

18.06-20.06, 2.-5. kl.

23.06-26.06, 5.-8. kl.

29.07-01.08, Barnebarn
og besteforeldre.

Brandøy, Bjoa

25.06-29.06. 5.-7. kl

Yngresleir saman med
Indremisjonen

For informasjon og påmelding:

NMS,

Vestre Muralm. 15,

5011 Bergen

Tlf. 55 31 00 61.

OASE

For fyrste gong skal OASE halda sitt sommarstemne i Bergen.

- OASE er ei rørsle som meir og meir ser seg som ei tenestørørsle for tilsette, leiarar, og medlemmer av kyrkja sine mange arbeidslag, heiter det i ei pressemelding.

Nokre viktige sider ved Sommar-OASE er Familie, Barn i lovsong, Fornyinga sitt mål, Ut i byen og Ungdommen sin plass.

Er du interessert og vil vita meir kan du ringja eller skriva til:

OASE, Fredensborgv. 7,

0177 Oslo. OASE

Tlf. 22 11 43 90.

Frist for påmelding

er 10. juni.

Fagertun- stemne

Søndag 13. juni vert det skipa til Fagertunstemne på leirstaden Fagertun i Eksingedalen.

Det heile tek til med møte kl. 11.

Det vert også ettermiddagsmøte.

I pausen mellom møta vert det basar til inntekt for Fagertun.

Ta med mat,

drikke vert å få kjøpt.

Alle er hjarteleg velkomne

Utanlands i år?

Dersom du har tenkt deg utanlands, kan vitjing på ei av sjømannskyrkjene kanskje vera noko å ta med seg.

Du kan få tilsendt brosjyre for desse kyrkjene ved å venda deg til:

Den norske

Sjømannsmisjon,

Boks 2007, Nordnes,

5024 Bergen.

Tlf. 55 55 22 55

Vitjingsadr. Strandgt. 198

Alt i kjøkkeninnredning
Bad- og skyvedørgarderobe
Snekkerverksted

**SNEKKER
KJELL NYSTED**

56 59 74 72

Mobil: 948 45 074

Trelast og byggevarer

 **DALE TRELAST** a/s

Tlf. 56 59 66 90 Faks 56 59 68 70

Dalegarden, 5722 Dalekvam



PETERSEN & YPSØY AS

Bokhandel - Gåver - Kiosk - Tipping

Tlf. 56 59 61 58


Kontormateriell - Leiker - Hobby - Foto

i 2. høgda Dale Handelsforening

tlf. 56 59 79 80



MEDLEMSFORDELER



DALE HANDELSFORENING

avd. Dale 56 59 61 01

Avd. Stamnes 56 59 82 03

Avd. Stanghelle 56 59 50 35

Nye Dale

VERTSHUS

Boks 12, 5721 DALEKVVAM

Tlf. 56 59 40 40

Din lokale leverandør av snitter, koldtbord,
middag og pizza til alle anledninger.
Husk å bestille koldtbord til konfirmasjonen.

joker
DALE

K. Seim A/S.

Boks 114,
5721 Dalekvam

tlf. 56 59 62 23

Faks. 56 59 67 61

Dei smarte sparar tid & peng.
Her kan du handle det du treng.



Tlf. 56 59 64 44

Opningstider:

Onsdag og torsdag: 09.00 - 18.00

Mandag, tirsdag og fredag: 09.00 - 16.30

Lørdag: 09.00 - 14.00



MEDLEMSFORDELER



SAMVIRKELAGET

INDRE VESTLAND

Avd. Vaksdal Senter tlf. 56 59 75 01

Avd. Eksingedalen Tlf. 56 59 58 20

CAMILLA'S KRO

DALE FINA SENTER

* SNITTAR 14.50

* KOLDBORD

* FEST-LOKALE

* BEGRAVELSAR

* HEIMELAGA MAT




* BENSIN

* DAGLEGVARER

* NISTEPAKKER

* STØRST PÅ MUSIKK

Tlf. 56596736



Returadr.:

Vaksdal kyrkjeblad

Postboks 113, 5721 Dalekvam

SLEKTERS GANG

DØYPT



DALE

28.03 Eirik Boge Sigurdson
28.04 Silje Bruvik
01.04 Erik André Myre, døypt i
Svalbard kyrkje

STAMNES


14.03 Knut Skjervheim Vedaa

NESHEIM

28.03 Kari Berge
28.03 Jorill Nese

EKSINGEDALEN

11.04 Henning Haugen
Andersen



...at dei må verta verande hjå
Kristus når dei veks opp, lik-
som dei ved dåpen er innpota
i han.

AVLIDNE



DALE


09.03 Betsy Herfindal, f.1924
04.04 Aud Kirsten Kvamme, f.1936
08.04 Klara Hesjedal, f.1911
13.04 Anna Mathilde Leiro, f.1910
15.04 Sønneva Andersen, f.1918

VAKSDAL

10.03 Klara Thrulsen, f.1905
14.03 Jacob Jacobsen, f.1923
23.03 Ingeborg Boge, f.1917
28.03 Torleif Boge, f.1930

EKSINGEDALEN

28.03 Gudleik Nesheim, f.1907



...at me må læra å telja
våre dagar, så me kan få
visdom i hjarta.

VELKOMEN TIL KYRKJE



23.mai – 1.pinsedag

VAKSDAL kl.11. Felles høgtidsgudstene-
ste. Kvamsøe og Dyrhol. Nattverd.
Offer til Det Norske Misjons-selskap.

24.mai – 2.pinsedag

STAMNES kl.11. Høgtidsgudsteneste.
Kvamsøe. Nattverd. Offer til KIA-
Kristent Innvandrerarbeid.
BERGSDALEN kl.16. Høgtidsguds-
tene-
ste. Dyrhol. Nattverd. Offer til
Kirkens SOS i Bjørgvin.

30.mai – Treeiningssøndagen

DALE kl.11. Larsen. Nattverd. Offer til
Bjørgvin Bispedømeråd.
NESHEIM kl.11. Konfirmasjons-gud-
steneste. Dyrhol Offer til Søndagsskulen
i Eksingedalen.
VAKSDAL KL.19.30 Norsk aften.
Konsert v/kantorane.

6.juni – 2.søndag etter pinse

VAKSDAL kl.11. Familiegudsteneste.
Dyrhol. Offer til Søndagsskulen, Bergen
krets.
EKSINGEDALEN kl.11. Kvamsøe.
Nattverd. Offer til Kontaktsenteret P22.

13.juni – 3.søndag etter pinse

DALE kl.11. Familiegudsteneste.
Kvamsøe. Offer til Det Norske
Misjonsselskap.
FITJAVASS-STEMNA kl.12. Aase.

20.juni – 4.søndag etter pinse

VAKSDAL kl.11. Dyrhol. Nattverd.
STAMNES kl.17. Familiegudsteneste.
Dyrhol.

27.juni – 5.søndag etter pinse

BERGSDALEN kl.11. Kvamsøe.
Nattverd. Offer til Indremisjonen på
Dale og Stanghelle.
DALE kl.19. Dyrhol. Nattverd.

4.juli – 6.søndag etter pinse

EIDSLAND kl.11. Dyrhol.
VAKSDAL kl.19. Dyrhol.

VIKTIG MELDING!

Det er viktig at de ser etter i
lokal-avisene og på plakatar for å
kontrollera m.a. klokkeslett for
gudstenestene.

FORSONGARKOR

I FELLES HØGTIDS-GUDSTENESTE I VAKSDAL KYRKJE

1. pinsedag

Alle interesserte kan møta til øving
kl.9.45 før gudstenesta.

NOREG MED ARILD, LUDVIG OG KNUT

Norske maidaagar, kva kan vel høve
betre enn god norsk musikk? Har
du planar om giftarmål, vil du min-
nast den vigsla som eingong var,
eller ynskjer du berre å nyte ei
kveldsstund i kyrkja?

Kantorane held konsert i Vaksdal kyrkje 30. mai kl. 19.30

i samband med Daledagane. På
programmet står norske bryllaups-
marsjar, festmusikk brukt ved
vigslar, og andre verk av norske
komponistar. Lat oss verta litt betre
kjend med den norske orgelmusik-
ken og namn som Arild Sandvold,
Ludvig Nilsen og Knut Nystedt.
Etter konserten vert det spleiselag
på ein kald forfriskning. --